





Vestland Fylkeskommune
Seksjon Naturressursar, landbruk og reiseliv
politisk@vlfk.no
NVLFK.postmottak@vlfk.no

Innspele til jordbruksforhandlingane 2020

Syner til innbyding frå Vestland fylkeskommune om å kome med våre prioriteringar i førekant av politisk handsaming av innspel til jordbruksforhandlingane 2020. Jamfør dialogmøte den 11. november dette året.

Først vil vi seie at både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel til jordbruksforhandlingane i 2019 inneheld mange gode punkt som vi ynskjer vert tekne med vidare i utspelet dette året. Samstundes skjer det stadig endringar i marknadssituasjonen og politiske rammevilkår som medfører trong for forsterking av nokon verkemiddel i høve til andre. Vi gjer elles merksam på at dette innspelet kjem tidleg i prosessen før oppgjeret. Fylkesleddet av Norges Bondeklag har frist til midten av mars med å levere vårt innspel til eigen organisasjon.

Vestland vil vere eit stort landbruksfylke der verdiskapinga først og fremst er knytt til grasproduksjon og husdyrhald, men der produksjon av frukt, bær og grønsaker også er vesentleg.



Verdiskaping i landbruket i Vestland – kjelde Nibio rapport 174/2018.

Jordbruksoppgjæret 2019 – positive element

Vi vil peike på følgjande tiltak i 2019 som er bra for våre området og som vi ynskjer å styrke og utvikle vidare. Vi vil særleg peike på viljen frå regjeringa til å bruke budsjettmidlar. Noko som er avgjerande i ein situasjon der moglegheiter for uttak på pris i marknaden er avgrensa.

- Innovasjon og vekst i grøntsektoren med mål å styrke norskdelen for grøntproduksjonane. Rådgevande utval legg fram rapport i mars 2020.
- Ekstra tilskot til bygg der det vert nytta tre
- Styrka distriktstilskot mjølk, frukt og bær
- Målretta tilskot mot mindre og mellomstore mjølkebruk
- Styrka tilskot til beitebruk
- Styrka Arealtilskot i sone 5 B der Vestland høyrer heime.

Nokon politiske vedtak som grunnlag for prioriteringane

- All norsk mjølkeproduksjon skal skje i lausdrift frå 2034. I Vestland er berre om lag 50 % av volumet lagt om til lausdrift så langt. Dersom vi skal halde oppe verdiskaping og bruk av dyrka jorda i vårt område, so må vi no lukkast med å gjere noko for 15-30 kyrs bruket når det gjeld overgangen frå bås til lausdrift.
- Grunna av bortfall av eksport av Jarlsberg og stor auke i importen på mjølkebaserte produkt skal norsk mjølkeproduksjon nedskaleras med 100 millionar. Deler av nedskaleringa vert gjennomført som ei ekstraordinær utkjøpsrunde i første kvartal 2020. Vestland sin del mjølk i denne utkjøpsrunda er 4,9 millionar liter. (t.d. utgjer mjølkeproduksjonen i Kvam kommune 6,4 millionar liter i 2019) Resten av nedskaleringa vert gjort med reduserte produksjonsmoglegheiter på kvar gard. Denne omstillinga kan på kort sikt vere svært alvorleg for likviditeten på den einkilde gard. På lenger sikt kan det skape pessimisme og manglande investeringslyst. Noko som vil vere dramatisk for arealbruken i Vestland der meir enn 50 % av verdiskapinga kjem frå mjølkeproduksjonen.
- Satsing på innovasjon og vekst innan grøntproduksjon. Dette er eit positivt tiltak der også produsentar i Vestland må utfordre seg sjølv og tenke nytt når det gjeld sortar som kan produserast på areal eigna for frukt, bær og grønsaker i Vestland. Det må kome grep slik at også Vestland tek sin del av veksten som er venta innan sortar med marknadspotensiale.
- Intensjonsavtale mellom jordbruket og regjeringa om reduserte klimagassutslepp og auka opptak av karbon frå jordbruket for perioden 2021-2030
- Politisk plattform for Vestland fylkeskommune. Vi har merka oss punktet som seier at Fylkeskommunen skal ta ei aktiv rolle i å utvikle jordbruket. Innovasjon Norge skal nytta verkemiddela til å byggje vidare på særtrekka ved vestlandsjordbruket som mjølk, kjøt, frukt, bær og grønsaker. Vi ser også at det skal vere fokus på kortreist mat til folket og kortreist fôr til dyra samt eit sterkt fokus på beitebruken. Vi er også glade for at dette skal skje i samarbeid med landbruket sjølv.

Prioriteringar i 2020

Økonomisk styrking av verkemiddel som tek omsyn til små og mellomstore bruk innan alle produksjonar, samt geografisk innretta verkemiddel som er målretta i distrikta vil vere den viktigaste prioriteringa. Det vil vere viktig å målrette bruken av tilskotskronene meir mot distrikt og struktur.

Vi ser av oppdatert statistikk at Vestland og Møre og Romsdal ikkje klarar å auke opp produksjon på til dømes ammeku, slik vi ser skjer i kornområda der både byggløysingar og tilgang på billeg halm er større. Vi har også ei uro for utviklinga innan sauehaldet og grøntnæringa, der vi ser at andre landsdeler styrkar sine marknadsdeler sett i høve til Vestlandet.

Om ein meiner alvor med at heile landet skal takast i bruk, må ein målrette verkemidlande betre slik at ledig areal i distrikta kan nyttast til produksjon av storfekjøtt/lammekjøtt og frukt/bær/grønsaker. Då vil geografisk målretta verkemiddel vere viktige. Det er i deler av sortane innan grøntnæringa, til dømes jordbær og nokon grønsaker, at det er auka marknadsmoglegheiter i dag. Elles er marknaden prega av at det vert produsert nok eller for mykje. Det å kunne ha verkemiddel som kan regulere marknaden vil difor vere avgjerande.

Avgrensing tilskot – også kalla tak

Dei offentlege midlane, som vert brukt via jordbruksavtalen, skal fremje jordbrukspolitiske mål som landbruk i heile landet, god arealutnytting, busetnad og, ikkje minst, sikre økonomien til produsentane. Fram til 2014 hadde mange tilskotsordningar ei øvre avgrensing, ofte referert til som eit “tak”. Etter brotet i jordbruksforhandlingane i 2014 fjerna Stortinget dette taket på fleire av dei sentrale tilskotsordningane. Dette grepet betra økonomien monaleg hjå dei fleste produsentar over eit visst volum, gav store ekstra overføringar til allereie store produsentar og styrka oppbygging av større bruk. Dette har medført eit sterkt produksjonspress og ei relativ svekking av distriktjordbruket. Sentrale tilskotsordningar bør ha ei øvre avgrensing. Produksjon utover desse tilskotsavgrensingane må kunne forsvarast ut frå inntekter henta i marknaden.

Marknadsbalansering

Dagens situasjon i marknaden for sau, gris og egg syner kor viktig det er med ein god verktøykasse som kan sikre at ein i størst mogleg grad klarar å produsere til ein marknad som er i balanse. Det gjev best økonomi for både bonden og samfunnet.

Prioriteringar endring av regelverk

- Det må vere mogleg med ei regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken i større grad enn i dag vert fastlagt regionalt. I 2017 vart den regionale råderetten innskrenka til kun å omhandle kva produksjonar som skal prioriterast. Vi ynskjer at partnerskapen skal få større handlingsrom i å fastsetje detaljar i regelverket lokalt! Det er store regionale skilnader når det gjeld trong for fornying og utvikling av næringa. I dag tillèt regelverket få tilpassingar til regionale utfordringar.

Det vil ved flytting av forvaltning av IBU verkemidlane frå Fylkesmannen til Fylkeskommunen vere avgjerande at fylkeskommunen prioriterer å ha tilsette med kompetanse på landbruk. Det vil også vere avgjerande med eit tett samarbeid mellom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Norge og Bondelaget. Vi er nøgde med dei signala vi har fått frå Vestland fylkeskommune i denne startfasen av samarbeidet.

Samarbeidet basert på grunnleggande tillit, tett dialog og gode diskusjonar der vi alle kan kome fram til stor grad av semje om vegen og prioriteringane, vil vere viktig for utviklinga av landbruket i Vestland. Landbruket i Vestland er i større grad avhengig av politiske verkemiddel og tiltak for å kunne utvikle seg, enn landbruk i dei betre arronderede områda i landet. Vi ser fram til godt samarbeid med administrasjonen og politikarane i Vestland

framover i arbeidet med å utvikle verktøy som kan styrke vestlandsbonden si konkurransekraft.

Prioriteringar på bruksnivå

Struktur og geografi

- Prioritere styrking av økonomien på mindre og mellomstore driftseiningar i distrikta med grovforbasert produksjon.
 - Stimulere til meir beiting i utmark når det gjeld sau/lam
 - Stimulere til meir beiting på innmark når det gjeld storfe. Det må produserast meir mjølk om sommaren i Vestland for å dekke opp marknaden. Difor vil det vere viktig å styrke økonomien ved å nytte innmarksbeite som ressursgrunnlag i produksjon av mjølk i storfehaldet.
 - Prioritere driftstilskot og husdyrtilskot for dei første einingane
 - Setje i verk tiltak som reduserer produksjonspresset i sauenæringa, men som kan styrke dei områda av landet som har hatt ei negativ utvikling. Det vil seie Vestlandet og Nord Norge.
 - Styrking av økonomien i ammekuproduksjonen for buskapar med opp til 20 ammekyr. Dette kan skje gjennom å innføre tilskot til små og mellomstore ammekubruk målretta geografisk til kystfylka frå Hordaland og nordover.


Frukt, bær, grønsaker og potet

- Styrke økonomien i frukt- og bærproduksjon på bruk i Vestland ved:
 - Næringa treng investeringsverkemiddel for å halda tritt med utviklinga i flatbygdene på Austlandet gjennom
 - Auka godkjent kostnadsoverslag monaleg ved søknad om støtte frå Innovasjon Norge til arronderingsmessige betringar og betre driftsløysingar. Føremålet er å gjera næringa i bratt og kupert fjordlandskap klar for framtidige teknologiske driftsmiddel til dømes robotteknologi. I tillegg til at tiltaket gir god dreneringseffekt.
 - Tilskot til felles vatningsanlegg. Tørkesommaren 2018 samt deler av sommaren 2019 gav næringa ei solid påminning om trong for tilføring av vatn til dei arealintensive kulturane i frukt, bær, grønsaker og potet.
 - Kvalitetsfremjande tiltak, som å kunne etablere mindre kjøleanlegg på einskildbruk eller i samarbeid mellom bruk, der kapasitet eller avstand til fellespakkeri gjer dette naudsynt.
 - Styrke tilskot med struktur og geografi spesielt konsumbær og arealtilskot.
 - Distriktstilskotet for industribær må aukast for å styrkje økonomien i produksjonen. Særleg vil det vere viktig å styrke økonomien i produksjon av jordbær, då det er marknad for å kunne auke denne produksjonen.
 - Eige innovasjons- og motiveringsprogram for nye småskalaprodusentar innan frukt, bær og grønsaker
 - Styrke tilskot til pressfrukt i Vestland ved å innføre geografi i tilskotsordninga


Mjølke

- I oversikta over nasjonale føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU) blir det peika på at det innan den delen som går til mjølkebruk vil vere særskilt trong for å prioritere fornying av bruk med 15-30 kyr.

Skal det vere mogleg må **potten aukast** og regelverket for IBU midlane endrast slik at forskrifta opnar opp for ein **maksimal tilskotprosent på 40**. Dagens er 35. Det vil også vere naudsynt med ei **heving av taket for tilskot til 2,5 millionar** kroner pluss ekstra for dei som nyttar tre. Mykje av dei store bygningane er allereie bygde, og vi har framleis ein situasjon der berre om lag 50 % av mjølka er i lausdrift. Skal vi få dei resterande 50 % med oss vidare må det skje ei målretta økonomisk styrking som sikrar utbyggingar der arealgrunnlaget ligg. Det vil seie ei utbygging med slik økonomi at det ikkje vert trong for å auke volumet vesentleg i høve til dagens produksjon på bruka. Tabellane nedanfor saman med tabellen for verdiskaping frå landbruket i Vestland syner kvifor særskilde tiltak for denne gruppa er så viktig.



Tal føretak med mjølkekyr delt etter storleiken på buskaperen, og sum mjølkekyr for kvar gruppe i Vestland i 2018. Kjelde Landbruksdirektoratet.



Volummessig er kring 50 % av totalt levert volum produsert i lausdriftsfjøs. I Vestland var det i august 2019. 870 båsfjøs og 326 lausdriftfjøs. Total disponibel kvote i Vestland er 194,5 millionar liter (82,5 H og 112 SoFj) i 2019. Kjelde Landbruksdirektoratet..

Klima

Bondeorganisasjonane og regjeringa har signert ei intensjonsavtale om reduksjon av klimagassar og auka opptak av karbon i jordbruket. Partane forpliktar seg til å redusere jordbruket sitt samla klimagassutslepp med 5 millionar tonn CO₂-ekvivalentar frå 2021-2030. Partane er samde om at aktuelle verkemidlar for å følge opp avtalen skal vurderast i samband med dei ordinære prosessane for statsbudsjettet og for jordbruksforhandlingane.

- Auke vesentleg tilskotet pr. dekar til grøfting. Dette fordi det er stor trong for grøfting, samstundes som det er eit svært godt klimatiltak i Vestland. Dette kan vere ei ordning der fylkeskommunen kan få eit større ansvar, då det er svært store skilnader med kostnader til grøfting i Vestland sett i høve til kostnad pr. dekar i kornområda. Det kan vere ei løysing å flytte tilskot til grøfting over til det Regionale Miljøprogrammet (RMP) for å kunne ha regional styring. Dette føreset at det føl med ein vesentleg auka pengesum til ordninga.
- Få fortgang i kartlegginga av jordsmonn i Vestland som grunnlag for målretta tiltak og reduserte utslepp. I dag finst det jordsmonnkart for kring 2 % av arealet i Hordaland og kring 6 % av arealet i Sogn og Fjordane.
- Fondsordning. Ordningar som kan stimulere til reduserte utslepp frå landbruket samstundes som produksjonen vert oppretthalden og helst auka
- ENOVA – Utvikle målretta tilskotsordningar i tråd med landbruksnæringa sine behov og moglegheiter. Målretta inn mot å få ned uynskte utslepp. Det kan vere ei vidare utvikling av eksisterande ordningar som Enova tilbyr til næringslivet i dag:
<https://www.enova.no/bedrift/stotte-til-energi--og-klimatiltak-i-virksomheter/>

Lukke til med vidare handsaming av dykkar innspel til jordbruksoppgjeret 2020.

*Med helsing
Hordaland Bondelag*

*Peder Nernæs
Fylkesleiar*

Sogn og Fjordane Bondelag

*Anders Felde
Fylkesleiar*